



FINNØY KOMMUNE

Etat for næring miljø og teknikk (NMT-etat)

Miljøverndepartementet
postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 03/1918-8

Arkiv: K1-131,
K3-&13

Dato: 01.12.03

HØYRING - NOU 2003:14

Me viser til brev datert 20.mai 2003. Her følger høyringsuttale, med saksutgreiing, frå Finnøy kommune. Forvaltningsstyret har rolla som fast planutval hos oss. Ta gjerne kontakt med undertekna om de vil ha utfyllande opplysningar om bakgrunn m.m. for merknadane våre.

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Forvaltningsstyre	26.11.2003	014/03	MBJ

Saksansvarleg May Britt Jensen	Arkiv: K1-131, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 2003001918
-----------------------------------	--------------------------------------	--------------------------

HØYRING - NOU 2003:14

”BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ”

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	20.05.2003	Det kongelige miljøverndepartement	HØYRING - NOU 2003:14 - BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA
2	I	15.11.2003	Suldal kommune	HØYRING - NOU 2003:14 (BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA)

Saksutgreiing:

(basert på rådmannen i Suldal sitt saksframlegg)

Bakgrunn for saka:

Etter 4 års arbeid overleverte Planlovutvalet 13.5.03 forslag til revisjon av plandelen i plan og bygningslova. Planlovutvalet sine forslag er trykte i NOU 2003:14 som er sendt ut på høyring av Miljøverndepartementet med høyringsfrist 1.12.03. Sidan saka ikkje er sendt ut før møtet, føresklår NMT-administrasjonen at den administrative uttalen vert sendt innan fristen og at me ettersender forvaltningsstyret sitt vedtak etter neste møte.

Omtale av endringsforslaga.

2.1. Generell omtale

Planlovutvalet vart oppretta 23.10.98 og har vore samansett av representantar frå ulike interesseorganisasjonar og ekspertmiljø. Mandatet har vore å vurdere om planleggingsreglane i plan og bygningslova og i tilgrensande lover, bør endrast slik at det blir lettare å ivareta dagens og morgondagens samfunnsinteresser gjennom planlegginga.

Utvalet meiner det er behov for betre planlegging for å få meir ut av offentlege ressursar. Rettssikkerheita og høve til medverknad skal styrkjast for grunneigarar, naboar og andre involverte. Det er føreslege følgjande nye formålsparagraf:

”Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner.

Den skal legge til rette for verdiskaping, næringsutvikling, gode boliger og bomiljøer, og gode oppvekst- og levevilkår i alle deler av landet, og fremme folkehelse og samfunnsikkerhet. Den skal sikre vern av verdifulle landskap og natur- og kulturmiljøer og sikre naturgrunlaget for samisk kultur. Den skal vareta hensynet til estetikk og god byggeskikk.

Loven skal sikre at planer og vedtak om forvaltning av ressurser og om virksomhet, utbygging og vern bygger på en allsidig og langsiktig vurdering, og på forutsigbarhet, åpenhet og medvirkning fra alle berørte interesser og myndigheter.

Det enkelte tiltak skal vareta hensynet til helse, miljø og sikkerhet.

Loven skal sikre norsk gjennomføring av internasjonale avtaler innenfor lovens virkeområde.”

Både den kommunale og regionale planlegginga skal styrkast og det vert føreslått nye reglar for interkommunalt samarbeid. Private detaljplanar kan slåast saman med byggesakshandsaminga og det kan settast tidsfristar for planbehandlinga. Utvalet føreslår også reglar om kommunale utbyggingsavtaler som i dag ikkje er lovregulerte.

Det kommunale plansystemet er føreslege inndelt i følgjande plantypar:

- **kommuneplan** med arealdel
- **områdeplan** (erstattar areal-kommunedelplanar og større offentleg initierte reguleringsplanar)
- **detaljplan** (vil erstatta private reguleringsplanforslag)

2.2. Kommunal planlegging

Kommuneplanen skal styrkast som det samordnande plannivå for all kommunal verksemd. Kommuneplanen består av samfunnsdel, arealdel og handlingsdel (stort sett som i dag).

Det nye er at kommunane i starten av ein kommunestyreperiode og seinast eitt år etter konstituering, skal vedta ein kommunal planstrategi. Her skal kommunestyret gå gjennom planstatus og planbehov i kommunen og vedta om planane er gode nok for å førast vidare utan endringar eller om dei skal reviderast. Det nye er at forslaget til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret. Det skal også leggast opp til medverknad og innhentast synspunkt frå statlege og fylkeskommunale organ og frå nabokommunar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal bli endå meir tydeleg som ein sektorovergripande plan. Han skal også ha ein arealstrategi utan rettsverknad.

Arealdelen i kommuneplanen skal vere eit vesentleg virkemiddel til å gjennomføre samfunnsdelen. Det blir gitt utvida høve til å gi retningslinjer og føresegner til planen som miljøkrav, funksjonskrav, løysingar for teknisk infrastruktur, energiforsyning og transport, tiltak for å avverje vesentleg fare eller miljørisiko, samt serlege krav til sakshandsaming.

LNF-områda vert oppretthaldne som samla kategori, men kommunane skal i større grad enn i dag kunna gje føresegner om bygging og anna bruk og vern av areala for å avvege ulike interesser. Føresegner og særlege omsyn skal kome til uttrykk i såkalla hensynssoner som kan går på tvers av arealføremål.

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein handlingsdel som skal innehalde eit handlingsprogram for å gjennomføre samfunnsdelen for dei fire komande budsjettår eller meir. Økonomiplanen kan utgjere handlingsdelen.

Dei nåverande arealplantypene kommunedelplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan går ut og blir erstatta med **områdeplan og detaljplan**. Områdeplanen er ein offentleg initiert plan medan detaljplanen også kan fremmast av private. Han vil truleg bli dei private utbyggarane sin plantype då han også kan kombinerast med rammetillatelse i byggesakshandsaminga. Her ligg det potensiale til store effektivitetsgevinstar.

Det vil også bli same arealkategoriar gjennomgåande for alle tre arealplantypene, noko som det ikkje er i dag.

Det er kome med ein ny arealkategori "areal for omforming og fornying". Her vert det lagt opp til "urbant jordskifte" stort sett basert på grunneigarsamtykke. Kommunen er ikkje tiltenkt partsrettar utan at han er direkte grunneigar.

2.3. Krav til planinnhald, planutarbeiding og konsekvensutgreiing m.m.

Alle planforslag skal innehalde ein planomtale og for større planer også eit planprogram tidleg i planprosessen. Planprogrammet skal innehalde framdriftsplan, opplegg for medverking og utgreiing av konsekvensar.

Forslag til planprogram skal sendast ut på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn.

For alle planar som kan ha vesentlege verknader, skal det gjennomførast konsekvensutgreiing. Forslaget er meint å dekke krava i vedkomande EU-direktiv som skal vere innarbeidd i norsk lov innan 27. juni 2004. Dette plandirektivet frå EU er vedtatt av Stortinget og vil bli innført same kva som skjer med resten av forslaga frå planlovutvalet. I dag er det berre krav om konsekvensutgreiing på tiltak og ikkje på planar.

Det er eit krav at alle planer skal utarbeidast av sakkyndige. Det gjeld både offentlege og private planer. Kommune skal også ha tilgang på turvande planfagleg kompetanse.

Kommunen skal dessutan sørje for at det ligg føre eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for utarbeiding av arealplanar. Kommunane skal også ha ein planbase som gir opplysningar om gjeldande arealplanar og føresegner.

2.4 Tidsfrister, klage og motsegn

Det er alt innført tidsfristar for planhandsaminga. Desse vert førte vidare.

Det er føreslått vesentlege endringar i klagereglane. Det er no føreslege at det ikkje skal vera høve til å klage på tilhøve som er avgjort tidlegare gjennom klage eller motsegn. Det vert såleis ikkje høve til "omkamp" slik det nå er høve til (i mange omgangar). Heller ikkje organ som har rett til motsegn, kan klage dersom dei ikkje har gjort motsegn gjeldande. Det kan heller ikkje fremmast ny motsegn på tilhøve som tidlegare har vore reist motsegn på og som har blitt avgjort etter reglane for motsegn. Eit stort mindretal i utvalet vil at retten til å reise motsegn fell bort dersom ikkje motsegn har blitt reist innan tidsfristen går ut.

2.5 Gjennomføring av planar

Både områdeplan og detaljplan er straks bindande for arealbruken i planområdet. Begge plantypar gir også ekspropriasjonsgrunnlag.

Det er førelege at ein detaljplan "går ut" etter 5 år. Eit bygge og anleggsarbeid som ikkje er igangsett innan 5 år etter planvedtaket, kan ikkje settast i verk utan nytt planvedtak. Kommunestyret kan "forlenge" planen i samband med planstrategivedtak. Tiltakshavar kan også søke om forlenging inntil 2 år.

Mange kommunar inngår i dag utbyggingsavtaler med utbyggerar for visse utbyggingsområde. Desse avtalane er i dag ikkje lovregulerte, og det blir hevda at kommunane krev for mykje av utbyggerane. Forslaget avgrensar omfanget av slike avtaler til sort sett fysiske og tekniske infrastruktur. Andre ytingar/gåver blir forbode.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet har i april 2003 kome med forslag til jordskiftemidlar i byar, tettstader og hytteområde - urbant jordskifte. Desse forslaga er

også ute på høyring med frist 1.12.03. Dei føreslår at jordskiftelova med vise justeringar vert utvida til også å dekke tettbygde strøk. Dette kan verte eit nytt instrument for å gjennomføre planane. Arbeidsgruppa forutset at alle grunneigarane i det aktuelle området skal vere samde om slikt jordskifte (frivillig jordskifte). Kommunen skal ikkje ha partsrettar med mindre han er direkte grunneigar.

2.6 Interkommunalt plansamarbeid

Planlovutvalet har kome med forslag til lovreglar for interkommunalt plansamarbeid. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar og kan setjast i verk gjennom regional planstrategi, fylkesplan eller av kommunane sjølve. Planarbeidet skal leiast av eit eige styre med representantar frå kvar av dei deltakande kommunane. Men det er dei einskilde kommunestyra som gjer endeleg planvedtak for sitt område. Eit fleirtal av kommunane kan likevel be fylkeskommunen om å ta over planarbeidet som fylkesplanlegging. Departementet kan også vedta det. Så lenge det einskilde kommunestyre skal gjere det endelege planvedtaket for sitt område, vil interkommunalt plansamarbeid vere eit avgrensa virkemiddel til å løyse interkommunale interessekonfliktar.

2.7 Regional planlegging

Planlovutvalet meiner det er turvande å styrke den regionale planlegginga og legg den framleis til fylkeskommunen. I kvart fylke skal det utførast ei aktiv regional planlegging for å stimulere den fysiske, miljømessige økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i fylket. Planelegginga skal omfatte regional planstrategi og i turvande grad fylkesplan, fylkesdelplanar og regionalt handlingsprogram samt interkommunalt plansamarbeid. Regional planstrategi er nytt og pålagt medan fylkesplan m.m. i prinsippet er frivillig (opp til fylkestinget).

Planstrategien blir eit svært sentralt dokument og skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, kva som er oppnådd i høve tidlegare planer og nasjonal politikk som er viktig for planlegginga. Forslag til planstrategi skal sendast ut på høyring og leggest ut til offentleg ettersyn. Kommunar, andre fylkeskommunar og statleg styresmakt kan fremme motsegn til planstrategien. Planstrategien skal vedtakast av fylkestinget og statlege og fylkeskommunale organ skal legge planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i fylket.

Forslaget opnar også for at fylkesdelplanen for arealbruk med statleg godkjenning vert rettsleg bindande slik som kommunale arealplanar.

Regionalt handlingsprogram skal utarbeidast for innsatsområda i fylkesplanen. Dei nåverande regionale handlingsprogramma (RUP) kan innarbeidast i det framtidige regionale handlingsprogrammet.

2.8 Særlege planleggingsoppgåver

Planlovutvalet har valt å ta ut 4 viktige område for nærare vurdering og regelutforming. Det er samordna areal og transportplanlegging, kystsoneplanlegging, samordna vassplanlegging og planlegging for større samanhengande natur og friluftsområde omkring byar og tettstader. Byggeforbodet i 100 m beltet vert oppretthalde og forsterka.

2.9 Samordning av sektorlover

Dette har vore eit vanskeleg tema for planlovutvalet då sektorinteressene er sterke. Ein finn ulike kombinasjonar mellom planlov og særlov frå det eine ytterpunktet der planlov alltid går føre, til det motsette der særlov alltid går føre. Der planlovutvalet fremmer forslag, går det stort sett ut på at vedtak etter særlov skal bygge på planlegging og planer etter plan og bygningslova. Også sakshandsaminga etter særlov og planhandsaming vert samordna.

Planlovutvalet meiner dei ikkje har hatt tid til å gå gjennom alle aktuelle særlover. Likevel er det eit mindretal på 4 i utvalet som ikkje vil endre vassdragsreguleringslova og eit medlem er dessutan mot endringar i energilova og vassressurslova.

2.10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Planlovutvalet meiner at ved å legge stor vekt på den tidlege fasen i planhandsaminga vil ein gjere prosessen effektiv, ryddig og forutsigbar for partane. Her ligg det eit potensiale for store samfunnsøkonomiske gevinstar. Men utvalet meiner at dersom det skal skje, må kommunane tilføre meir ressursar til planleggingsoppgåvene i kommunen. Dette er også lovpålagde oppgåver.

Også for private utbyggarar vil forslaget kreve meir fagleg grunnlagsarbeid og auka kvalitet på planane. Det vil gi enklare og raskare planhandsaming m.a. ved å "slå saman" detaljplan og rammetillatelse for byggeprosjekt.

Vurdering:

Det er ikkje realistisk at kommunane kan tilføre meir ressursar til planlegging slik forslaget fører med seg. Sjølv om planoppgåvene er lovpålagde, vil det vanskeleg nå opp i konkurransen med skule, barnehage og omsorgstenestene. At meir av planarbeidet kan leggest over på private utbyggarar kan fungera i pressområde, men ikkje i utkantkommunar med fråflytting som sårt treng alle store og små tiltak. Her blir strenge krav til detaljplanlegging med høge utgifter til "sakkyndige", ei fordyring og ein hemske for positiv utvikling. I ein øykommune som vår, må naturleg nok mange tiltak koma i strandsona – og det er påkrevd med reguleringsplan for å avklara interesse motsetnader. Sjølve planprosessane må difor gjerast enkle og rimelege der problemstillingane bak planen ligg til rette for det.

Den beste strategien staten kan velje for å få effektiv planlegging etter behov og stor medverknad, er etter vårt syn å gjera "planleggings-språket" og verktøyet så enkelt og lett tilgjengeleg som mogleg – og dessutan allment kjent og forstått. Gjennom å sikre gode kartgrunnlag fritt tilgjengelege for alle over Internett og gode felles planleggingsvertøy som er rimelege og lett tilgjengelege og knytt til bruk av kartverket, vil me kunna spare mykje ressursar i næringsliv og kommunar. Prinsipp og hovudvertøy for arealplanlegging må inn i pensum i grunnskule og gjerast allment kjent, slik at reelle vilkår for deltaking og private forslag og motforslag er til stades. Dette er særleg viktig i distrikta for å fremje tiltak og utvikling – og i pressområde for å sikre reell medverknad frå alle grupper. Det er viktig å byggje eit system som unngår at arealplanleggingskompetanse vert nytta som maktfaktor av ressurssterke interessegrupper eller forvaltninga. Kvalitet i planlegginga må sikrast gjennom eit høgare allment kunnskapsnivå om arealplanlegging for

verktøy for utvikling. Dette vil igjen framelske profesjonelle arealplanleggarar i offentlig og privat sektor som er gode på prosess og kommunikasjon med berørte og interesserte partar.

Grundige planprosessar og stor medvirkning må balanserast slik at prosessane får ei fornuftig framdrift og ressursbruken står i forhold til dei ynskete tiltaka. Formuleringa som gjeld medverknad i formålparagrafen bør dempast ned noko – til dømes ved å ta bort "alle". Vår oppfatning er at "berørte interesser og myndigheter" er tilstrekkeleg. Den viktigaste måten å få til medverknad på, er som nemnd over, å gjera "planleggingsspråket" så enkelt og godt kjent at folk flest kan delta og koma med kartfesta motforslag. At planprosessar vert valde bort fordi dei er for kompliserte, gjev den aller dårlegaste interesseavklaringa og medverkinga.

Hovudinnvendingane mot planprosessane i dag er at dei tar for lang tid. Derfor er det positivt med tidsfristar og at det ikkje lenger er høve til "omkamp" både når det gjeld klager og motsegn. I den samanheng er det rett at høve til motsegn skal falle bort dersom ein ikkje held tidsfristen som er sett slik mindretalet i utvalet føreslår. Planprosessane bør ytterlegare forenklast og effektiviserast. Samkjøring av plan og konsekvensutgreiing (KU) er i utgangspunktet positivt. Men ein bør til dømes unngå to rundar med høyringar og utlegging til offentlig ettersyn for ein og same planprosess (først planprogrammet og så sjølve planforslaget). Planstrategi bør erstatta dagens varsel om oppstart. Planprogrammet bør i dei aller fleste tilfeller samkjørast med planstrategien. Konsekvensvurderingane bør vera ein del av planforslaget og eventuelle avbøtande tiltak må byggjast inn i planforslaget og vedtakast saman med dette. For kommuneplanar i spreiddbygde strok med lite press, er det viktig å finna ein form på konsekvensutgreiingane som ikkje vert så belastande at kommunane ikkje greier planleggingsutfordringa. I planprogrammet tidleg i kommunestyreperioden skal ein avklare planbehov. Her bør og utgreiingsbehov i forhold til miljø og samfunn kunna klarleggjast. (planstrategi og planprogram). Konsekvensutgreiingar knytt til kommuneplanar må og avgrensast til planar som har vesentlege verknader. Svært mange kommuneplanar i distriktsnoreg er ei framskriving av dagens utvikling, og legg ikkje opp til revolusjonerande nye tiltak. Planprosessane i disse områda må forenklast – ikkje kompliserast. Slik forslaga ligg no vil tidsbruken vil auke sterkt og det vil også gje høyringsinstansane meir arbeid.

Ryddinga i plantypar og gjennomgåande arealbruksføremål er positivt. For Finnøy vil auka differensiering av LNF-områda og meir samordna kystsoneplanlegging vera nyttig – men staten bør følgja godt opp her og lage retningsliner slik at ordlydar og juridisk innhald vert samanliknbart i område som geografisk sett kan samanliknast.

Det nye arealføremålet "areal for omforming og fornying" er positivt dersom det vert utstyrt med effektive gjennomføringsreglar, t.d jordskifteliknande ordningar.

Det er ein viktig kvalitet ved planleggingssystemet at det er det lågaste nivået, kommunestyra, som vedtek dei juridisk bindande planane. Dette bør halda fram for å sikre kommunal sjølvråderett og ikkje minst lokal tilslutning og oppfølging av planverket i forvaltninga. Gjennom å gje klare retningsliner, samarbeid, samråd, motsegn-instituttet og gjennom retten til å utarbeide planforslag, har både fylkeskommune og overordna styresmakter i dag høve til å "binde" arealbruken lokalt. Det vil vera uhandterleg om me får doble sett med juridiske bindande arealplanar – difor må det vera eit organ på lågast mogleg nivå – kommunestyra – som vedtek dei. Interkommunalt plansamarbeid og juridisk bindande region/fylkesdelplanar vil då kunna realiserast ved at dei involverte kommunane eigengodkjenner planen for sitt

område. Det er øving i samarbeid og regional forståing kommunane treng, ikkje meir tvang. At kommunen vedtek dei juridisk bindande arealplanane er og viktig for at planane skal bli følgde. Konflikatar må løysast som no gjennom mekling med staten i ei avklarande rolle.

Harmonisering av særlovene til plan og bygningslova har vore eit vanskeleg tema for utvalet på grunn av sterke sektorinteresser. Det viser dei mange mindretalsutsegnene i utvalet. For kommunane er det viktig at føreslått samordning skjer og at det vert ført vidare. Mindretalsforslaga i utvalet på desse punkta må avvisast.

At detaljplanar som er sett fram av private skal falle bort etter 5 år, med mindre dei aktivt vert oppretthaldne, vil vera ein god måte å halda oversikt over gyldige "private" planar på og stimulera til realisering. Det vil og dempa ned presset om å få laga planar som det ikkje er realistiske tiltak bak.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Finnøy kommune meiner at forslag frå planlovutvalet (NOU 2003:14) samla sett er godt, men har følgjande merknader.

- 1) Det må framleis liggja til kommunestyra der planane skal gjelda, å vedta og eigengodkjenna juridisk bindande arealplanar. Dette bør ikkje splittast opp på fleire nivå. Fylkeskommunen og statlege regionale/nasjonale organ har gode høve i dag til å påverka planinnhaldet gjennom samråd og eventuelt motsegn. Fylkesplanar og statlege politisk godkjende planar og retningsliner vil likevel ha stort gjennomslag fordi dei er eit resultat av regionalt samarbeid og kan nyttast som grunnlag for motsegn.
- 2) Differensiering av arealbruken i LNF-områda og høve til meir heilskapleg kystsoneplanlegging serleg interessante, men det må skapast ein klar felles nasjonal forståelse for korleis dette kan gjerast; gjerne gjennom at kommunane kan velje ordlydar og utformingar ut frå ein brei felles nasjonal "arealbruks-meny". Det er ikkje effektivt og formålstenleg at kvar einskild kommune skal utvikla sin eigen praksis på desse områda.
- 3) Det er viktig at den føreslåtte harmoniseringa av særlover til plan og bygningslova vert gjennomført raskt. Mindretalsforlaga i utvalet med reservasjon mot slik harmonisering, må avvisast.
- 4) Det nye arealføremålet "areal for omforming og fornying" kan bli svært nyttig dersom det vert utstyrt med effektive gjennomføringsreglar, gjerne etter modell frå jordskifte i landbruket. Det må då byggjast opp institusjonar som har kompetanse og kapasitet til å handtere slike saker. Det bør gjerast regionalt, gjerne ved å auke kapasiteten ved dei eksisterande jordskifterettane.
- 5) Hovudinnvendingane mot planprosessane i dag er at dei tar for lang tid og er for ressurskrevande. Derfor er det positivt med tidsfristar og at det ikkje lenger er høve til "omkamp" både for klager og motsegn. Derfor støttar Finnøy mindretalet i utvalet som vil at retten til motsegn skal falle bort dersom ein ikkje held tidsfristen som er sett.

- 6) Forslaget vil kreve auka planleggingsressursar i kommunane. M.a. vil innføring av planstrategiar og planprogram som skal sendast ut på eigne høyringar og eigne utleggingar til offentleg ettersyn kreve større tidsforbruk. Samkjøring mellom konsekvensutredning og plan er ein god tanke, men må ikkje føra til konsekvensutgreiingskrav der me ellers ikkje ville hatt det. Til dømes bør kommuneplanar som ikkje fører til vesentlege endringar for miljø og samfunn sleppe ekstra arbeid med konsekvensutgreiing. Planstrategi vil kunne dekkast av det kommunale planprogrammet. Enkle konsekvensvurderingar og alternative val av løysingar kan skisserast i temakart og den dokumentasjon som i dagens planleggingspraksis vert kalla ”felles planføresetnader”.

- 7) Finnøy kommune er i mot å setje opp eit kompetansekrav knytt til utarbeiding og godkjenning av arealplanar. Det er ein mykje betre nasjonal strategi å setja krav til innhald og utforming gjennom gode vegleiarar og fleksible arealbruks-menyar, samt å utvikla eit godt og allment tilgjengeleg kartgrunnlag og eit felles planleggingsverktøy som er lett å ta i bruk i enkle planforslag. Kompliserte utbyggingsplanar krev sjølv sagt tung fagkompetanse, men kompetansekravet vil variera frå plan til plan etter kva utfordring ein står føre. Utan at prosessane rundt planlegging og hovudtrekka i ”arealplanspråket” (fargekodar, begrepsbruk osv) vert allemannskunnskap, når me aldri måla om reell medverkning og planlegging etter behov.

- 8) Det er god grunn til å tvile på at kommunane har høve til å auke ressursane til planlegging sjølv om det er aldri så mykje lovpålagt. Til det er konkurransen med andre lovpålagde oppgåver som skule, barnehage og eldreomsorg altfor stor. Derfor bør planprosessane forenklast og effektiviserast ut over det som er lagt opp til i forslaget frå planlovutvalet. Ein bør til dømes unngå to rundar med høyringar og utlegging til offentleg ettersyn for ein og same planprosess. Tidbruken vil auke sterkt samstundes som høyringsinstansane vil få auka arbeidsmengde.

FOR-014/03 Vedtak 26.11.2003:

Administrasjonens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Me ynskjer dykk lukke til i det vidare arbeidet med lovrevisjonen !

Med helsing

May Britt Jensen
kommunalsjef